

**Svein Arne Trengerid**

**Fra:** Svein Arne Trengerid <sarne-t@online.no>  
**Sendt:** torsdag 27. februar 2020 14.06  
**Til:** 'post@vffk.no'  
**Emne:** Klage på avslag i saknr 2020/35639-2

Hei!

Eg viser til skriv frå Vestland fylkeskommune til Kvam kommune dagsett 31.01.20. Skrivet er signert overingeniør Kari Veseth Kinden. I skrivet blir det gitt avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrense. Kvam kommune vidaresendte dette vedtaket til Ing Asbjørn Danielsen Holding AS i eit skriv dagsett 07.02.20. Det er uklart når firmaet mottok dette brevet. Dersom me antek at det tek nokre dagar med vanleg postgang, så vil eg anta at firmaet mottok avslagsskrivet den 12.02. Dermed tek eg utgangspunkt i at klagefristen er den 04.03.

Det er firmaet Ing Asbjørn Danielsen Holding AS som hjelper meg med byggesøknad og prosjektering av tilbygg på gbnr 19/349 på Kvamskogen.

Eg fekk først vite om avslaget i går.

Eg klager med dette på avslaget på søknad om avstand til byggegrense. Eg sender i neste veke ei meir utfyllande grunngjeving for mi klage. Det viktigaste no er at fylkeskommunen registrerer at eg med denne eposten klager på vedtaket før klagefristen går ut.

Mvh Svein Arne Trengerid, tlf 95759603